



Årsrapport frå Kontrollutvalet for 2021.

Desse vart valde til Kontrollutvalet til Mental Helse på Landsmøtet 2020:

1. Leiar: Øystein Høyby
2. Medlem: Geirr Abelsen, seinare vald til sekretær
3. Medlem: Helga Skåden
4. Medlem: Ingrid Løset
5. Medlem: Else-Berit Helle

I etterkant av valet vart det halde to møter i Kontrollutvalet i 2020 fram mot årsskiftet.

Kontrollutvalet vart i juni 2021 redusert med to medlemmer, Øystein Høyby og Geirr Abelsen. Ingrid Løset vart vald til kontaktperson. 28.oktober valde eit tredje medlem, Helga Skåden å trekkja seg får Kontrollutvalet.

Tal saker

Fram til medio juni hadde kontrollutvalet handsama 98 saker og hatt 18 møter. Frå juli og ut året vart det handsama 23 saker og halde 4 møter. Totalt har Kontrollutvalet i 2021 handsama 121 saker og halde 22 møter.

Type saker

Førespurnader frå fylkeslag med omsyn til tolking av vedteker. Fram til medio juni deltok representantar frå Kontrollutvalet på Sentralstyret sine møter. Ein har ikkje sett trong for, ut frå sakslistene, å delta på Sentralstyremøter hausten 2021.

Kontrollutvalet har påpeika/gjort merksam på feil bruk av vedtekter i Sentralstyret. Desse sakene fekk ikkje praktisk tyding for arbeidet til Sentralstyret.

Kontrollutvalet går gjennom protokollar til Sentralstyret og ser om vedtak er i tråd med vedtekter og handlingsplanar.

Økonomistyring.

Kontrollutvalet har hatt møte med økonomileiar og fått gjennomgang av rekneskap og budsjett, samt organisering av Mental Helse sin organisasjon.

Fylkeslaga

Kontrollutvalet har gått gjennom alle fylkeslaga sine årsmeldingar, rekneskap og revisjonsrapportar.

Leiarmøta

Kontrollutvalet har teke del i leiarmøta

Oppsummering/vurdering av arbeidet i organisasjonen.

Kontrollutvalet meiner, etter å ha fylgd arbeidet i organisasjonen, at me har ein veldreven organisasjon både administrativt og politisk. Me meiner det vert jobba godt på tvers i organisasjonen. Det er god økonomistyring og handlingsplanar vert fylgd opp med budsjettvedtak i tråd med Landsmøtet og Sentralstyret sine vedtak. Økonomistyring i fylkeslaga synes og å vera god. Årsrapportane er fyldige.



Det er og god samhandling mellom Sentralstyret og administrasjonen, slik me ser det.

Kontrollutvalet har merka seg at Mental Helse gjennom året har vore aktive i media og godt synlege i samfunnet.

11.02.2022

Ingrid Løset Else-Berit Helle
sign sign